

## Retningslinjer for bruk av B-tillegg

Nedanfor følgjer retningslinjer for evt. bruk av B-tillegg ved MN-fakultetet. Retningslinjene er IKKE ment som en oppfordring til økning i dagens bruk av slike tillegg, men som en orientering om korleis disse tilleggene blir brukt rundt om på fakultetet, samt forslag til hvilke arbeidsoppgåver som kan tenkas honorert, og hvilket nivå det i så fall kan være rimelig å bruke.

Det er viktig å merke seg følgjande:

- B-tillegg gir kompensasjon for midlertidig ekstra belastning. Når det gjelder øvrige lønnsendringar, skal disse evt. skje med heimel i Hovedtariffavtalens § 2.3.3, eller

### 2.3.4.

- Det er berre enhetsleiinga (instituttleder/kontorsjef) som kan foreslå b-tillegg.
- Forslaget skal godkjennas av fakultetsleiinga.
- Evt. tildeling skjer først etter forhandlingar mellom UiO ved OPA og hovedorganisasjonene.

Skjema for B-tillegg sendes på epost eller i internposten til saksbehandlar på personal som tar seg av den vidare saksbehandlinga.

### Retningslinjer for bruk av B-tillegg

1. B-tillegg til *teknisk-administrativt personale* som midlertidig blir pålagt ekstra oppgåver som klart går ut over det dei er pålagde i kunngjeringstekst/arbeidsinstruks, blir skjønsmessig vurdert av den einskilde administrative leiar, og godkjent av instituttleiar. Storleiken bør normalt ikkje overstige 2-3 lønnstrinn i vedkommande si lønns plassering på A-tabellen.
2. B-tillegg til *vitskapleg tilsette* blir vurdert og tildelt av instituttleiar. Instiuttleiar står i prinsippet fritt til å fastsetje tillegget, men følgjande veiledande satsar bør vurderast:
  - a. For valde/administrative funksjonar på 3.nivå:
    - i. For leiar i undervisningsutval B-ltr 45 (kr 3000 per mnd) for institutt eller B-ltr. 30 (kr 2000 per mnd), avhengig av størrelsen på forvaltninga. F.eks B-45 for undervisningsleiarar på institutt som har over 50 masterkandidatar i snitt kvart år, og B-30 for dei som har under .
    - ii. For forskningsleiar/leiar i phd-utvalg B-ltr 45 for institutt eller B-ltr. 30 avhengig av størrelsen på forvaltninga. F.eks B-45 for phd-leiarar som har opptak på på institutt som har over 20 phd-kandidatar i snitt kvart år, og B-30 for dei som har under.
    - iii. For stedfortredande instituttleiar: Ikkje honorar, med mindre funksjonen er knytta opp til ein av funksjonane ovanfor.
    - iv. Andre, mindre byrdefulle oppdrag, bør normalt ikkje honorerast, men inngå i dei vanlege

administrative pliktene.

- b. For leiing på 4.nivå
  - i. For seksjonar med mindre enn 10 vitskapleg tilsette (inkl. stip.): B-30 (kr 2000 pr mnd)
  - ii. For seksjonar med 11-30 vitskapleg tilsette (inkl. stip.): B-45 (kr 3000 per mnd)
  - iii. For seksjonar med over 30 vitskapleg tilsette (inkl. stip.): B-60 (kr 4000 per mnd)
- c. For leiing av eksterne prosjekt: Normalt inngår leiingsbelastninga her i forskningsplikta, men for svært store og kompliserte prosjekt, for eksempel med fem eller fleire tilsette, og/eller eit totalbudsjett på over 20 (?) mill, kan instituttleiar godkjenne at prosjektleiar belastar prosjektet med eit B-tillegg. Tillegget bør ikkje overskride B-60.
- d. For midlertidig leiing av andre spesielle einingar (for eksempel ved større installasjonar til bruk i laboratoriar eller felt. Instituttleiar vurderer, men rådfører seg med inst.leiarar ved institutt med samanliknbare forhold.

Publisert 12. feb. 2013 10:47 - Sist endret 22. sep. 2015 13:14

[Skjema for B-tillegg](#)

[Arbeidsgivers krav ved forhandlinger på særlig grunnlag  
\(2.3.4 krav nr.1. vesentlige endringer\)](#)

[Arbeidsgivers krav ved forhandlinger på særlig grunnlag  
\(2.3.4 krav nr.2. rekruttere og beholde og ekstraordinær innsats\)](#)